



Reisereglementet

1. Generelt

Sunnfjord kommune følger [SGS 1001 Reiseregulativet](#) ved tenestereiser.

I tolking av bruk av eigen bil i tenesta, følger kommunen Statens Personalhandboka. sin definisjon på dette som seier følgjande:

«Følgende beregningsmåte gjelder:

- a) Når utgangs- og endepunkt for reisen er egen bolig beregnes kilometergodtgjørelse for hele reisen.
- b) Når utgangs- og endepunkt for reisen er arbeidsstedet beregnes kilometergodtgjørelse fra arbeidsstedet og tilbake til arbeidsstedet. For reisen tur/retur egen bolig tilstås det kilometergodtgjørelse for inntil 20 km hver vei.
- c) Når utgangspunkt for reisen er egen bolig og endepunkt arbeidsstedet, beregnes ordinær kilometergodtgjørelse for hele reisen frem til arbeidsstedet. For reisen fra arbeidsstedet og til egen bolig tilstås det kilometergodtgjørelse for inntil 20 km.»

2. Arbeidstid på tenestereiser

Reisetid er ikkje arbeidstid.

Partane har i forhandlingsmøte den 7.2.2020 bli samde om følgjande godtgjersle i samband med tenestereise/reise utover normal arbeidstid:

a. Pålagt tenestereise innanfor Sunnfjord kommune

Pålagte tenestereise internt i kommunen vert godtgjort med 1 : 1.

Dvs 1 time pålagt reise utover ordnær arbeidstid vert godtgjort med 1 time avspasering.

b. Pålagte tenestereise utanfor Sunnfjord kommune

Pålagte tenestereiser kor reisemålet ligg utanfor Sunnfjord kommune vert godtgjort 1:2, dvs at 1 time reise vert godtgjort med 30 minuttar avspasering.

At deler av reise vil kunne skje internt å Sunnfjord kommune har inga betydning i om at det faktiske reisemålet ligg utanfor kommunen.

Om det er einingar som har omfattande reiseaktivitet i ein periode (fleire gongar pr veke over ein viss periode), så kan einingsleiar vedta at godtgjersla vert 1 : 1 i denne perioden.

Reiser utanfor Sunnfjord kommune som ikkje er pålagt (kurs, seminar m.v)

Reiser i samband med kurs, seminar m.v som ikkje er pålagde, ikkje vert godtgjort med arbeidstid.

Det er viktig at dette er avklara tydleg på førehand slik at arbeidstakar er klar over kva vilkår ein reiser under når ein drar på kurs/seminar m.v.



c. Felles

Når det gjeld alternativ 1 og 2 så kan timane bli utbetalt som timelønn etter 37,5-timesats dersom fritid ikkje er mogleg å gje. Dette er noko einingsleiar og arbeidstakar må vere samde om.

~~For undervisningspersonalet er dette regulert dette i eiga avtale frå 1. juli 2005 jamfør A-rundskriv 1/2006, (del VII til protokollen, pkt h, s.8). Dette gjelder ordinære tenestereiser utan ansvar for elever. Undervisningspersonalet har derfor arbeidstid på reiser tilsvarande for tilsette i staten – jf. Hovedtariffavtalen i staten, kapittel 3 Fellesbestemmelsane. (Endring i HTA frå mai 2024.)~~

Ved følge av pasient/klient/elev er arbeidstid og godtgjersle regulert i KS sin Særavtale (SGS 1010).

3. Kompensasjon for bruk av eigen bil i tenesta

a. Bakgrunn

Kommunens reiseregulativ (SGS 1001) og KS sine B- rundskriv nr 9/2002 og B-23/93.

I mange tilfelle er det behov for tilsette å nytte bil i tenestesamanheng. Normalt stiller då kommunen bil til disposisjon, men det kan og vere behov for at den tilsette nytter eigen bil, leigebil ev. bruker taxi.

I dei tilhøva kor tilsette jamleg må bruke bil opp til fleire gongar i veka for å utføre sine tenesteoppgåver, og eininga ikkje har tilgang til leigebil/leasingbil, så vil det vere aktuelt å utbetale ein eigen kompensasjon for jamleg bruk av eigen bil i tenesta.

b. Kompensasjon

Kommunen betaler kompensasjon til tilsette som bruker eigen bil i tenestesamanheng slik:

(1) Føresetnader

- i. Omfattar:
 - Tilsette som kjem inn under HTA kap. 1, § 1.1.
 - Tilsette som har ei stillinga som tilseier reiseaktivitet, og kor den tilsette må nytte bil jamleg for å få utført sine oppgåver – dvs eit jamt og stort tenestleg behov for å bruk bil til å utføre arbeidet
- ii. Omfattar ikkje:
 - Tilsette som vel å nytte eigen bil til tilfeldige møter, kurs, konferansar og opplæringstiltak
 - Tilsette som har ei eller anna form for beredskap
 - Tilsette i einingar som har tilgang til leasingbilar eller andre bilar som kommunen eig/disponerer.

(2) Godtgjersleordning

Det vert utbetalt ein grunnsats + dagsats slik med verknad frå 1.1.2023:

- Alle som stiller eigen bil i teneste får ein minstesats på kr 4 260 pr år.



- For kvar dag bilen vert stilt til disposisjon får arbeidstakar ei ytterlegare godtgjering på kr 48,-

Totalt vil dette utgjere: $\text{Kr } 48 \cdot 230 \text{ arbeidsdagar} = \text{kr } 11\,040 + 4260 = 15\,300,-$
(Kr 15.300 er den maksimale summen ein kan få utbetalt jfr SGS 1001 med verknad frå 1.1.2023).

c. Rutinar:

- For å kome inn i ordninga skal det vere eit jamt og stort tenestleg behov for å bruk bil til å utføre arbeidet
- Kommunalsjefen vedtek kva einingar som får lov til å nytte ordninga.
- Einingsleiar vedtek kven i eininga som får nytte seg av ordninga
- Ordninga på kr 4260 vert betalt ut månadsvis med kr 355 pr mnd
- Dagsats på kr 48 vert utbetalt saman med reiserekning som uspesifisert kostnadar på reiserekninga
- Den faste månadlege utbetalinga skal stoppast når ein veit at vedkomande vert borte utover 1 måned. Så skal den takast opp når vedkomande er attende

d. Endring

Arbeidsgjevar kan endre og seie opp ordninga med 1 (ein) månaders varsel etter drøftingar med arbeidstakarorganisasjonane.

4. Erstatning ved skade på privat kjøretøy i tenesta

Med bruk av privat køyretøy meiner ein her at det må vere ein bil tilgjengeleg av beredskapsomsyn i samband med gjennomføring av særskilde aktivitetar innan skule- og barnehagesektoren.

Einingsleiar godkjenner bruken av privat køyretøy ved kvart særskild tilfelle. Dette bør skriftleggjerast.

Arbeidstakar som stiller privat køyretøy til disposisjon er pliktig til å teikne naudsynte forsikringar for køyretøyet.

Dersom privat køyretøy vert skada i teneste kan arbeidsgjevar refundere kostnader til reparasjon, eigendel på forsikring og bonustap, samla avgrensa oppover til kr. 8 000,-.

Det er ein føresetnad at førar har utvist normal aktsemd.

Einingsleiar har fullmakt til å avgjere om godtgjering for skade i teneste skal kompenseras etter søknad. Arbeidstakar som får skade skal søke skriftleg om erstatning og levere denne til einingsleiar, saman med dokumentasjon på utgiftene. I søknaden skal ein gjere greie for skaden. Utgifter vert belasta eininga.